

## Kunngjering på nett

# Varsel om oppstart av detaljregulering for naust og småbåthamn i Grønevika, Gismarvik – Tysvær kommune

I samsvar med § 12-8 i Plan og bygningslova, vil me med dette informere om at Omega Areal as på vegne av Sigve Gismarvik og Roy-Magnus Ytterøy skal utarbeide forslag til reguleringsplan for naust og småbåthamn med tilhøyrande anlegg innanfor gnr./bnr. 60/24 mfl., i Tysvær kommune. Planområdet er ca. 11 dekar og går fram av vedlagte kart. Varsel om oppstart er lagt ut på heimesida til Tysvær kommune og på [areal.omega.no/kunngjoringer](http://areal.omega.no/kunngjoringer).


Området er i arealdelen til kommuneplanen sett av til kombinert busetnad og anleggspåremål, småbåthamn og LNF-område. Påremålet med planarbeidet er å leggje til rette for naust og utviding av eksisterande småbåthamn med tilhøyrande tilkomst og parkering.

Området er av Tysvær kommune vurdert til ikkje å utløyse krav om konsekvensutgreiing (KU), då reguleringa for det meste vil vere i samsvar med kommuneplanen.


For nærare informasjon kan du kontakta Omega Areal as, tlf 975 40 000.

Eventuelle merknader til oppstart av planarbeidet kan sendast til **Omega Areal as, Kvassanesvegen 4, 5582 Ølensvåg** eller [areal@omega.no](mailto:areal@omega.no) - **innan 18.05.2018**.

Etter at meldingsfristen er ute vil sjølve planforslaget verte utarbeidd og innsendt til kommunen. Etter første gongs handsaming vert planen utlagt til offentleg ettersyn. Det vil då vere høve til å komma med eventuelle merknader til planforslaget før endeleg handsaming av planen.



Oversiktskart, kjelde: fonnakart.no



Utsnitt frå Kommuneplan for Tysvær 2015-2027, arealdelen.